

RAPPORT

Kommune-undersøkinga 2018



Utgjeven av: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 2018

ISBN: ISBN 978-82-7768-470-3 (PDF)

Grafisk produksjon: ETN Grafisk, Skien



Kommuneundersøkinga 2018

Samandrag	5
1 Innleiing	7
2 Etterleving av kommunal beredskapsplikt	9
2.1 Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.....	10
2.2 Mål og plan for oppfølging	12
2.3 Overordna beredskapsplan.....	13
2.4 Øvingar.....	15
2.5 Kompetanse	16
3 Særtema 2018	17
3.1 Varetaking av natur- og klimarisiko	18
3.2 Naudstraum og legemiddelmangel.....	22
4 Fylkesbarometer	27
5 Vedlegg	31
Vedlegg 1: Spørjeskjema 2018.....	32

SAMANDRAG

Kommuneundersøkinga frå DSB for 2018 viser at den positive utviklinga i kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik held fram. Stadig fleire kommunar oppfyller krava i kommunal beredskapsplikt.

- 98 prosent av kommunane opplyser at dei har gjennomført heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS), mot 97 prosent i 2017. 68 prosent oppfyller alle utvalde minimumskrav.
- 97 prosent svarer at dei har utarbeidd ein overordna beredskapsplan, mot 98 prosent i fjor. 58 prosent oppfyller alle minimumskrav.
- 90 prosent av kommunane svarer at dei har øvd eigen beredskapsorganisasjon i løpet av dei siste to åra.

For å kunne jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik, må det utarbeidast mål og plan for oppfølging.

- 80 prosent av kommunane svarer at dei har utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. 80 prosent har plan for oppfølging.

I undersøkinga i år spør vi også om i kva grad naturhendingar og klimaendringar blir vurderte i heilskaplege ROS-analysar, og om korleis samfunnstryggleik, medrekna naturhendingar, blir vareteke i arealplanlegging.

- 60 prosent av kommunane svarer at dei i stor grad har skaffa seg oversikt over busetnad som kan vere utsett for naturhendingar. 35 prosent svarer i nokon grad.
- Tilsvarande seier 63 prosent av kommunane at dei i stor grad har skaffa seg oversikt over kritiske samfunnsfunksjonar som kan vere utsette for naturhendingar. 33 prosent seier i nokon grad.
- Færre enn halvparten av kommunane som har gjennomført undersøkinga, svarer at dei i stor grad tek omsyn til auka risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar i kommunal planlegging.

Resultata viser at kommunane i endå større grad bør ta innover seg dei utfordringane som klimaendringar gjev no og i framtida.

Å kople kommunen sine beredskapskontaktar/-koordinatorar på arealplanprosessar kan, slik DSB ser det, styrkje det førebyggjande arealplanarbeidet. Men resultata i undersøkinga i år viser at nettopp involvering av beredskapsaktørar inn i kommunalt planarbeid kan bli betre.

- 34 prosent svarer at beredskapskoordinator i stor grad blir involvert, og 30 prosent svarer at dei blir involverte i nokon grad. 35 prosent svarer i liten grad eller ikkje i det heile.

Særtema: naudstraum og legemiddelmangel

Kommunane rapporterer at dei har etablert naudstraum for ein større del av tenestene frå kommunen i 2018 samanlikna med det dei melde i 2012. Men undersøkinga viser at det framleis er ein stor del av tenestene frå kommunen som er sårbare for bortfall av straumforsyning på grunn av manglande naudstraumsetablering.

Eit tema som det ikkje har vorte spurt om tidlegare, er kommunane si vurdering av hendingar som kan føre til alvorleg legemiddelmangel i kommunane. Hovudintrykket er at rundt halvparten av kommunane har diskutert problemstillinga, omtalt henne i egne helsefaglege vurderingar og hatt dialog med institusjonar, apotek osv. Den andre halvparten har ikkje jobba med problemstillinga lokalt. Eit fellestrekk verkar å vere at kommunane er avhengige av nasjonal handtering ved alvorlege manglar.

KAPITTEL

01

Innleiing



INNLEIING

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnstryggleik på lokalt nivå. Dei har eit grunnleggande ansvar for å vareta tryggleiken til befolkninga. I tillegg er kommunane lokal planetat og har ansvaret for at ein også tek omsyn til samfunnstryggleik i planlegging etter plan- og bygningslova.

For å få ei oversikt over status for samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane har Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sidan 2002 gjennomført ei spørjeundersøking blant kommunane i landet.

Kommuneundersøkinga er ei eigenrapportering frå kommunane, der dei blir bedne om å svare på spørsmål om arbeidet sitt med kommunal beredskapsplikt. Undersøkinga i år tek også føre seg integrering av klimaendringar og naturhendingar i førebyggjande kommunal planlegging. I tillegg er naudstraum og alvorleg legemiddelmangel med som særtema.


Undersøkinga 2018 er som tidlegare år gjennomført elektronisk ved hjelp av spørjeundersøkingsverktøyet SurveyXact. Kommuneundersøkinga blir sendt til beredskapskoordinator i kommunen, men respondentane bør, etter behov, trekkje inn andre fagpersonar når dei svarer på undersøkinga.

Spørjeundersøkinga vart sendt ut til alle kommunar i landet 9. januar, med endeleg svarfrist 31. januar. 88 prosent av kommunane har svart på årets undersøking.

KAPITTEL

02

Etterleving
av kommunal
beredskapsplikt



FIGUR 1. Beredskap i tre nivå¹

Den lovpålagde beredskapsplikta kommunane har, er gjeven i §§ 14 og 15 i sivilvernelova. Desse er vidare konkretiserte i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Viktige verkemiddel i samfunnstryggleiksarbeidet er heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan. Samordningsrolla og rolla som pådrivar krev at kommunen inviterer med andre samfunnstryggleiksaktørar i dette arbeidet.¹

Kommunal beredskapsplikt rettar seg mot uønskte hendingar som utfordrar kommunen, sjå figur 1. Krav til kommunen om rutinar knytte til kvardagshendingar finst i anna regelverk. Ein god grunnberedskap er ein føresetnad for eit godt samfunnstryggleiksarbeid, og ein må vere førebudd på at kvardagshendingar kan eskalere til eit nytt nivå.

2.1 HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE


2.1.1 HAR KOMMUNEN GJENNOMFØRT HEILSKAPLEG ROS? OG NÅR VART HAN GJENNOMFØRT?

Oversikt og kunnskap om risiko og sårbarheit i kommunen er ein føresetnad for eit godt kommunalt samfunnstryggleiksarbeid. Oversikta får ein gjennom utarbeidinga av ein heilskapleg ROS-analyse. Arbeidet med heilskapleg ROS er lovpålagt gjennom kommunal beredskapsplikt (sjå figur 2).

- 98 prosent av kommunane opplyser at dei har gjennomført heilskapleg ROS, mot 97 prosent i 2017.

For at heilskapleg ROS skal vere eit nyttig planleggingsgrunnlag for samfunnstryggleiksarbeidet, må heilskapleg ROS vere oppdatert og i tråd med utviklinga av samfunnet elles eller ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet. DSB tilrår at heilskapleg

¹ DSB (2018). Rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt



FIGUR 2. Delen kommunar med heilskapleg ros, med og utan utvalde minimumskrav frå 2014–2018. (n=talet på respondentar)

ROS blir revidert kvart fjerde år, i samband med utarbeiding av kommunal planstrategi.

- 81 prosent av kommunane opplyser at dei har gjennomført heilskapleg ROS i løpet av dei fire siste åra, mot 82 prosent i 2017.

Desse resultatane viser at det er ei positiv utvikling i gjennomføring av ROS, men at det framleis er forbettringspotensial når det gjeld oppdatering. Nesten 20 prosent av kommunane har ein ROS-analyse som er frå 2013 eller tidlegare.

2.1.2 OPPFYLLER HEILSKAPLEG ROS UTVALDE MINIMUMSKRAV?

Forskrift til kommunal beredskapsplikt stiller noen minimumskrav til den helhetlige ROS-analysen. Analysen skal som et minimum omfatte:

- eksisterande og framtidige risiko- og sårbarhetsfaktorar i kommunen
- risiko og sårbare sider utanfor kommunen sitt geografiske område som kan ha påverknad på kommunen
- korleis ulike risiko- og sårbarhetsfaktorar kan påverke kvarandre

- særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- evna kommunen har til å oppretthalde verksemda si når han utsetjast for ei uønskt hending og evna til å ta opp att verksemda si etter at hendinga har skjedd
- behovet for befolkningsvarsling og evakuering

I kommuneundersøkinga har vi valt ut nokre av minimumskrava (krav a, b, d og e) for å kunne seie noko om kvaliteten på dei analysane som er gjorde.

- Blant kommunar som har gjennomført heilskapleg ROS, opplyser 95 prosent at dei har gjort vurderingar av framtidig risiko og sårbare sider.
- 91 prosent opplyser at dei har vurdert risiko og sårbare sider utanfor kommunen sitt geografiske område.
- 99 prosent opplyser at dei har vurdert særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar.

Dei som har gjennomført heilskapleg ROS, har vorte spurde om dei har vurdert evna si til å halde oppe følgjande funksjonar ved ei uønskt hending:

- 98 prosent har vurdert evne til å halde oppe

ETTERLEVING AV KOMMUNAL BEREDSKAPSLIKT

- helse- og omsorgstenester
- kriseleiing: 97 prosent
- vatn og avløp: 96 prosent
- brann- og redningstenester: 94 prosent

Dette er ei klar forbetring samanlikna med tidlegare år.

Vi har vurdert førekomsten av heilskapleg ROS opp mot når analysen vart gjennomført og minimumskrava a, b, d og e (sjå over).

- 68 prosent av kommunane har ein heilskapleg ROS som oppfyller alle dei utvalde krava.

Resultata frå 2017 viste ein markant auke av kommunar som tilfredsstillar fleire av minimumskrava. Denne markante forbetringa held seg også i undersøkinga i år. Fleire kommunar kan altså seiast å jobbe spesielt godt med heilskapleg ROS.

2.1.3 KVA FOR NOKRE AKTØRAR HAR KOMMUNEN SAMARBEIDD MED INNAN HEILSKAPLEG ROS?

I forskrifta er det stilt krav om at kommunen skal sjå til at relevante offentlege og private aktørar blir inviterte med i arbeidet med utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysen. Fleire aktørar er viktige for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik, og kommunen skal leggje til rette for samarbeid med desse. Døme på slike aktørar er politi, frivillige organisasjonar, storulykkeverksemdar, energi- og nettselskap, Avinor, Kystverket, Forsvaret og Sivilforsvaret.

- Blant dei kommunane som har gjennomført heilskapleg ROS, svarer 81 prosent at dei har samarbeidd med andre offentlege aktørar, noko som er noko høgare enn i fjor då talet var 77.
- 58 prosent svarer at dei har samarbeidd med private aktørar og 58 prosent med frivillige organisasjonar, som er høgare enn høvesvis 53 og 45 prosent i 2017.
- 55 prosent har samarbeidd med andre kommunar. Tilsvarande tal for 2017 var 50.
- 46 prosent samarbeidde med Sivilforsvaret og 23 prosent med Forsvaret. I fjor var tala 38 og 20.

Tala viser at det er ei positiv utvikling med tanke på

samarbeid, men sjølv med forbetring frå i fjor er det framleis potensial for auka samarbeid.

2.1.4 ER HEILSKAPLEG ROS FORANKRA I KOMMUNESTYRET?

I forskrift til kommunal beredskapsplikt blir det stilt krav om at heilskapleg ROS skal forankrast i kommunestyret. Det er opp til kommunane sjølv å bestemme når og korleis dette skal gjerast. Men sidan heilskapleg ROS er eit så viktig grunnlag for arbeidet kommunen gjer med samfunnstryggleik, så bør kommunestyret involverast både i oppstart av arbeidet og når analysen ligg føre.

- 93 prosent av kommunane svarer at dei har forankra heilskapleg ROS i kommunestyret, mot 91 prosent i 2017.

Dette vil seie at den politiske leiinga i kommunane får eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjerdene sine som kan påverke det vidare arbeidet med samfunnstryggleik i kommunen.

2.2 MÅL OG PLAN FOR OPPFØLGING

Det er eit mål at samfunnstryggleiks- arbeid i kommunen skal vere heilskapleg og systematisk, at det skal integrerast i plan- og styringssystemet i kommunen, og at det skal vere forankra i kommunestyret. På bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen skal kommunen utarbeide mål og strategiar for samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen og ein plan for oppfølging. Denne regelen er eit krav til at samfunnstryggleiksarbeidet skal vere eit kontinuerleg arbeid også når det ikkje skjer ei hending eller er ei øving på gang.

- 80 prosent av kommunane svarer at dei har utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.
- 80 prosent har også plan for oppfølging.
- 73 prosent har forankra plan for oppfølging i kommunestyret.

Vi ser av undersøkinga i år at stadig fleire kommunar har utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og utarbeidd planar for oppfølging av samfunnstryggleiksarbeidet. Sjølv om dette ikkje er lovpålagt, ser vi at også plan for oppfølging i aukande grad blir forankra i kommunestyret.

2.3

OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN

2.3.1 HAR KOMMUNANE EIN OVERORDNA OG OPPDATERT BEREDSKAPSPLAN?

Kommunane må vere førebudde på å handtere uønskte hendingar, og på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen skal dei utarbeide ein overordna beredskapsplan. Talet på kommunar som har overordna beredskapsplan på plass, har vore stabilt høgt over fleire år. Resultata i årets undersøking er ikkje noko unntak (sjå figur 3).

- 97 prosent svarer at dei har utarbeidd ein overordna beredskapsplan, mot 98 prosent i fjor.

Beredskapsplanen skal heile tida vere oppdatert, og som eit minimum skal han reviderast ein gong om året.

- 13 prosent av kommunane er i gang med revidering inneverande år, 61 prosent reviderte planen i 2017, medan 26 prosent reviderte planen i 2016 eller tidlegare.

Dette viser at dei fleste kommunar har ein overordna beredskapsplan, men at det framleis er ein ganske stor del som ikkje har revidert han i samsvar med kravet.

2.3.2 OPPFYLLER OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN LOV- OG FORSKRIFTSKRAVA?

Overordna beredskapsplan skal utarbeidast med utgangspunkt i heilskapleg ROS.

- 67 prosent svarer at den heilskaplege ROS-analysen er utgangspunktet for den overordna beredskapsplanen.


I tillegg skal beredskapsplanen elles, som eit minimum, innehalde:

- ein plan for kommunen si kriseleiing som gjev opplysningar om kven som utgjer kommunen si kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter, medrekna kven som har fullmakt til å bestemme at kriseleiinga skal samlast
- ei varslingsliste over aktørar som har ei rolle i krisehandteringa til kommunen Kommunen skal informere alle som står på varslingslista om deira rolle i krisehandteringa
- ei ressursoversikt som skal innehalde opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har til rådvelde og kva ressursar som er tilgjengelege hos andre aktørar ved uønskte hendingar Kommunen bør på førehand inngå avtalar med relevante aktørar om bistand under kriser.
- evakueringsplanar og plan for befolkningsvarsling basert på den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen
- plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette

For å kunne seie noko om kvaliteten på overordna beredskapsplan, har vi spurt om oppfølginga av desse minimumskrava (med unntak av plan for befolkningsvarsling). Blant kommunane som har utarbeidd overordna beredskapsplan, opplyser heile 99 prosent at dei har ein plan for kriseleiinga i kommunen, og 99 prosent har også varslingslister på plass. 96 prosent har oversikt over interne og eksterne ressursar, 93 prosent opplyser at dei har ein plan for krisekommunikasjon og 88 prosent har ein evakueringsplan. Det har vore ei positiv utvikling frå åra før, og enkeltvis er det svært gode resultat på krava det er spurt om.

Vi har vurdert kvaliteten til beredskapsplanen opp mot når planen vart utarbeidd eller revidert, om han har lagt heilskapleg ROS til grunn og om minimumskrava a-e (sjå over) er på plass.

- 58 prosent av kommunane har ein beredskapsplan som oppfyller alle dei utvalde krava.



FIGUR 3. Delen kommunar med overordna beredskapsplan og kontroll for utvalde minimumskrav frå 2014–2018. (n=talet på respondentar)

Samla sett ser det ut til å bli stadig betre, sidan dei kommunane som har alle minimumskrav på plass er aukande. Likevel må det kunne seiast å vere rom for forbetring her, særleg gjeld dette kravet om at planen skal utarbeidast med utgangspunkt i heilskapleg ROS.

Det er ikkje eit krav om forankring av beredskapsplanen i kommunestyret. Likevel viser undersøkinga at:

- 82 prosent av dei som har ein overordna beredskapsplan, har forankra planen i kommunestyret

I tråd med ansvars- og likskapsprinsippet er det leiinga i kommunen i det daglege som også skal vere kommunen si leing ved handtering av ei uønskt hending. At kommunane vurderer det som viktig å involvere leiinga i kommunen, er ei fornuftig tilnærming slik at dei har kjennskap til og får eigarskap til beredskapsplanen.

2.3.3 KVA FOR NOKRE AKTØRAR HAR KOMMUNEN SAMARBEIDD MED OM BEREDSKAPSPLANLEGGING?

DSB rår til at kommunen utarbeider overordna beredskapsplan i samarbeid med andre beredskapsaktørar. Kommunen har mange fagområde der det blir stilt krav om beredskapsplanar, som helseberedskap, brannberedskap og beredskap mot akutt ureining. Andre beredskapsaktørar i kommunen kan vere politi, vegvesen, sjukehus, helse og omsorg, frivillige organisasjonar, dameigarar osv. Eit samarbeid med desse gjev gjensidige oversikter over planar, ansvar, roller og ressursar. Ein god arena for eit slikt samarbeid kan vere eit kommunalt beredskapsråd.

- 80 prosent av dei som har ein overordna beredskapsplan, har samarbeidd med andre offentlege aktørar. Dette mot 73 prosent i 2017.
- 62 prosent har samarbeidd med frivillige organisasjonar og 56 prosent med andre kommunar. I fjor var tala høvesvis 56 og 53 prosent.
- 49 prosent har samarbeidd med private aktørar, mot 45 i 2017.
- 45 prosent har samarbeidd med Siviltforsvaret og 23 prosent med Forsvaret. For 2017 var tala 41 og 19 prosent.

For å løyse samfunnstryggleiksoppgåvene best mogleg, blir det oppfordra til samarbeid. Tala viser at det innanfor beredskapsplanlegging er ei positiv utvikling når det gjeld samarbeid. Det er også ei betring frå 2017, men det er rom for å auke samarbeidsgraden.

2.3.4 KRISEKOMMUNIKASJON

Eit av minimumskrava til overordna beredskapsplan er at han skal innehalde ein plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og egne tilsette. Planen bør skildre rutinar for å samarbeide med andre samfunnstryggleiksaktørar slik at krisekommunikasjonen står fram som mest mogleg samordna og heilskapleg frå kommunen. Han bør skildre fordeling av roller og ansvar, lokale og rutinar for kommunen sitt arbeid med krisekommunikasjon. For meir og utfyllande rettleiing knytt til krisekommunikasjon sjå DSB sin "Rettleiar krisekommunikasjon".²

- 93 prosent av kommunane seier at den overordna beredskapsplanen inneheld plan for krisekommunikasjon.

I undersøkinga i år har vi også spurt om kva kanalar kommunen vil nytte for å kommunisere med befolkninga under uønskte hendingar. Her var fleire svar mogleg.

- Høgast svarprosent får kommunen si heimeside med 99 prosent.
- 93 prosent svarer Facebook.
- 93 prosent vil nytte media, som radio, TV, aviser og nettaviser.
- 77 prosent vil nytte adressebasert SMS og 30 prosent lokasjonsbasert SMS.
- 44 prosent vil nytte seg av e-post, medan 19 prosent vil bruke Twitter.

2.4 ØVINGAR

I forskrift til kommunal beredskapsplikt blir det stilt krav om at kommunen sin beredskapsplan skal øvast kvart andre år. Scenarioa for øvingane bør hentast frå kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse.

- 90 prosent av kommunane svarer at dei har øvd eigen beredskapsorganisasjon i løpet av dei siste to åra.
- 7 prosent svarer at dei har øvd for 3 år sidan eller lenger, og 1 prosent rapporterer at dei ikkje har øvd.

Gjennom øvingar kan kommunen teste og vidareutvikle beredskapsplanane og kriseorganisasjonen sin, gje opplæring og avdekkje sterke og svake sider i samfunnstryggleiksarbeidet. For meir og utfyllande rettleiing knytt til øvingar sjå DSB sin "Rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar".³ Kommunen kan bruke denne som utgangspunkt, men ha ei praktisk tilnærming som tilpassar øvinga til behova til kommunen og tilgjengelege ressursar.

Vidare blir det stilt krav om at kommunen skal øve saman med andre kommunar og relevante aktørar der valt scenario og øvingsform gjer dette føremålstenleg.

- På spørsmålet om kva aktørar kommunen har samarbeidd med innanfor øvingar, svarer 84 prosent at dei har samarbeidd med andre offentlege etatar, mot 83 prosent i 2017.
- 57 prosent har samarbeidd med andre kommunar og 47 prosent med frivillige organisasjonar. For 2017 var tala høvesvis 49 og 45.
- Av andre viktige samarbeidspartnarar nemner vi Sivilforsvaret (41 prosent), private aktørar (36 prosent) og Forsvaret (23 prosent). Tilsvarande tal for 2017 var 42, 33 og 21.

² DSB (2016). Rettleiar krisekommunikasjon.

³ DSB (2018). Rettleiar i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar.

Øvingar er ein viktig arena for kommunane i å utvikle samordningsrolla si. Under ei hending vil kommunen vere avhengig av samvirke med andre aktørar, og resultatane viser at kommunane kan ha meir å hente på å samarbeide med andre innanfor øvingar.

2.5 KOMPETANSE

I undersøkinga er det stilt spørsmål om i kva grad det er behov for kompetanseheving innan ei rekkje område som gjennomføring av heilskapleg ROS, ROS-analysar i samsvar med plan- og bygningslova, beredskapsplanlegging, krisehandtering, krisekommunikasjon, planlegging og gjennomføring av øvingar og evaluering av øvingar og hendingar. Kommunane er bedne om å vurdere behovet på ein skala frå 1 til 5.

- 37 prosent svarer at dei har eit nokså stort eller stort behov for kompetanseheving i gjennomføring av heilskapleg ROS.
- 35 prosent har eit nokså stort eller stort behov for kompetanseheving innan ROS-analysar i samsvar med plan- og bygningslova.
- 38 prosent svarer at dei har eit nokså stort eller stort behov for kompetanseheving innan krisehandtering.
- 52 prosent rapporterer at dei har eit stort eller nokså stort behov for kompetanseheving i krisekommunikasjon.
- 48 prosent har eit stort eller nokså stort behov for kompetanseheving i planlegging og gjennomføring av øvingar og 39 prosent innan evaluering av øvingar og hendingar.

Undersøkinga viser at flest kommunar har behov for kompetanseheving innan krisekommunikasjon, men at det er eit nokså stort behov for kompetanseheving innan dei andre områda også.

KAPITTEL

03

Særtema 2018



3.1 VARETAKING AV NATUR- OG KLIMARISIKO

Eit verkemiddel for å vareta klima- og naturrisiko er å utarbeide risiko- og sårbarheitsanalysar, både etter sivilvernelova og etter plan- og bygningslova. I undersøkinga i år har det vore eit mål å få meir kunnskap om i kva grad naturhendingar og klimaendringar blir vurderte i heilskaplege ROS-analysar, og om korleis samfunnstryggleik, medrekna naturhendingar, vareteke i arealplanlegging.

3.1.1 I KVA GRAD HAR KOMMUNEN SKAFFA SEG OVERSIKT OVER BUSETNAD OG KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR SOM KAN VERE UTSETTE FOR NATURHENDINGAR?


I kommuneundersøkinga 2018 har vi spurt kommunane om dei gjennom arbeidet med heilskapleg ROS har skaffa seg oversikt over busetnad som kan vere utsett for naturhendingar (sjå figur 4).

- 60 prosent svarer at dei gjennom arbeidet med heilskapleg ROS i stor grad har skaffa seg oversikt over busetnad utsett for naturhendingar som flaum, skred, stormflod, storm, overvatn. 35 prosent svarer i nokon grad.

Kommunane er også ansvarlege for at ei rekkje funksjonar skal fungere sjølv om dei direkte eller indirekte er råka av ei hending. Til dømes må helse- og omsorgstenestene i kommunen framleis fungere sjølv om det er straumstans eller ein storflaum på gang.

Å integrere særlege utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar (funksjonar som er nødvendige for å vareta dei grunnleggjande behova til

OVERSIKT OVER BUSETNAD OG KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR UTSETTE FOR NATURHENDINGAR



FIGUR 4. Delen kommunar som i ulik grad har skaffa seg oversikt over busetnad og kritiske samfunnsfunksjonar som kan vere utsette for naturhendingar (flaum, skred, storm, overvatn osv.). (n=talet på respondentar)

befolkninga og samfunnet) er eit av minimumskrava til innhaldet i heilskapleg ROS. Berre to prosent svarer at dei ikkje har det integrert i heilskapleg ROS, medan to prosent ikkje er sikre. Svara blir dei same når vi spesifikt spør om dei har oversikt over kritiske samfunnsfunksjonar som kan vere utsette for naturhendingar.

- 63 prosent av kommunane svarer at dei i stor grad har skaffa seg oversikt over kritiske samfunnsfunksjonar som kan vere utsette for naturhendingar. 33 prosent svarer i nokon grad.

Dette samsvarer med resultat frå ei nasjonal undersøking som KS har gjort blant landets rådmenn.⁴ Her svarer 70 prosent at klimatilpassing i svært stor eller stor grad er integrert i den heilskaplege ROS-analysen til kommunen.


Resultata viser at kommunane i endå større grad bør ta innover seg dei utfordringane som klimaendringar gjev no og i framtida.

3.1.2 I KVA GRAD HAR KOMMUNEN SETT I VERK TILTAK FOR Å REDUSERE RISIKO OG SÅRBARHEIT MOT NATURHENDINGAR SOM KAN RAMME BUSETNAD OG KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR

Gjennom god oversikt over risiko og sårbarheit, får kommunane eit grunnlag for å førebyggje risikoen for at ei hending skal inntreffe, eller redusere konsekvensane dersom ei hending likevel skjer. Som ei oppfølging til oversiktsspørsmåla over, har vi stilt kommunane spørsmål om dei har sett i verk førebyggjande tiltak for å redusere risiko og sårbarheit i busetnad og kritiske samfunnsfunksjonar som kan vere utsette for naturhendingar (sjå figur 5).

- 25 prosent svarer at dei i stor grad har sett i verk tiltak for å redusere risiko og sårbarheit i busetnad. 56 prosent i nokon grad.
- 26 prosent svarer at dei i stor grad har sett i verk førebyggjande tiltak for å redusere risiko og sårbarheit i kritiske samfunnsfunksjonar. 60 prosent i nokon grad.

SETT I VERK TILTAK FOR Å REDUSERE RISIKO OG SÅRBARHEIT I BUSETNAD OG KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR UTSETTE FOR NATURHENDINGAR



FIGUR 5. Delen kommunar som i ulik grad har sett i verk tiltak for å redusere risiko og sårbarheit i busetnad og kritiske samfunnsfunksjonar som kan vere utsette for naturhendingar (flaum, skred, storm, overvatn osv.). (n=talet på respondentar)

⁴ KS (2017). Klimatilpassing i kommunane – nasjonal spørjeundersøking for KS hausten 2017.

3.1.3 I KVA GRAD BLIR RISIKO OG SÅRBARHEIT FOR ALVORLEGE NATURHENDINGAR OG KLIMAENDRINGAR TEKE OMSYN TIL I KOMMUNAL PLANLEGGING?

Det er kommunane som har primæransvar for arealplanlegging i Noreg, og dei overordna føringane i arealplanlegginga blir forma i kommuneplanane. Gjennom plan- og bygningslova er det pålagt å gjere risiko- og sårbarheitsanalysar, som gjev kunnskapsgrunnlag for å vareta samfunnstryggleik i planområdet. Å fremje samfunnstryggleik i arealplanlegginga inneber å gjere ei heilskapleg vurdering av kva slags verknad planane kan ha på samfunnet og befolkninga.

Eit endra klima gjev kommunane nye planleggingsutfordringar. Heilt sentralt blir det då systematisk å integrere klima- og naturhendingar i kommuneplanar og andre strategiske styringsdokument.


I undersøkinga i år har vi derfor spurt kommunane om dei, i den kommunale planlegginga, tek omsyn til risiko og sårbarheit for alvorlege naturhendingar

og auka risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar (sjå figur 6).

- 67 prosent av kommunane svarer at dei i stor grad tek omsyn til risiko og sårbarheit for alvorlege naturhendingar i kommunal planlegging. 25 prosent i nokon grad.
- 47 prosent av kommunane svarer at dei i stor grad tek omsyn til risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar i kommunal planlegging. 40 prosent i nokon grad.

Vi ser av tala at det å ta omsyn til moglege alvorlege naturhendingar tilsynelatande skårar høgare enn omsynet til klimaendringar. Men det er ikkje mogleg å gjere ein rett fram konklusjon på at klimaendringane ikkje er like godt varetekne som naturhendingar. Ein ROS-analyse tek alltid sikte på å kartleggje uønskete hendingar. For klimaendringar som skjer gradvis, må vi prøve å identifisere hendingar som desse endringane kan føre til. Klimaendringane vil såleis vere årsaker til dei uønskete hendingane. Til dømes kan havnivåstiging føre til flaum eller overfløyming av busette område. På den måten kan omsynet til klimaendringane alt vere inkludert i omsynet til naturhendingar i

ALVORLEGE NATURHENDINGAR OG KLIMAENDRINGAR I KOMMUNAL PLANLEGGING



FIGUR 6. Delen kommunar som i ulik grad har teke omsyn til risiko og sårbarheit for alvorlege naturhendingar eller auka risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar inn i kommunal planlegging. (n=talet på respondentar)

kommunal planlegging. Samtidig er det viktig å analysere kva klimaendringar kan medføre av ekstra eller nye påkjenningar for ein kommune. Kanskje vil endringane forsterke hendingar som kan skje i dag, eller kanskje kan det oppstå heilt nye hendingar som følgje av at klimaet endrar seg? Til dømes kan areal i kommunen bli permanent overfløymde som følgje av havnivåstiging.

3.1.4 OPPFØLGING GJENNOM PLANVERKTØY

Kva for nokre planverktøy og korleis kommunen tek omsyn til den risikoen og dei sårbarheitene som blir avdekte i plan-ROS, varierer. Undersøkinga i år hadde ein open rubrikk der kommunane kunne gje ei kort skildring av korleis dei tek omsyn til alvorlege naturhendingar i kommunal planlegging.

Fleire kommunar nemner omsynssoner der det må takast spesielle omsyn. På den måten kan kommunen påleggje restriksjonar til arealet eller føremålet med utbygginga. Mange bruker reglar om nærare kartlegging av fare på eit lågare plannivå. Til dømes har dei gjennom arbeidet med ROS i arealdelen i kommuneplanen avdekt forhold som dei ønskjer å sjå

nærare på i arbeidet med reguleringsplan. Ikkje så mange svarer at dei avviser planforslaget.


”Rådmannen og administrasjonen legg stor vekt på skredutsette område i arealplanlegginga. Det er utarbeidd nokre farekart, og fleire og betre kart er under planlegging. Det blir gjeve råd til utbyggjarar og politikarane ut frå den kunnskapen vi har tilgjengeleg, men det er likevel ikkje alltid like lett å få gjennomslag for å ta omsyn til dette hos utbyggjarar og politikarar.”

(respondent, 2018)

3.1.5 INVOLVERING AV BEREDSKAPSKOORDINATOR I AREALPLANLEGGING

Å fremme samfunnstryggleik i arealplanlegginga inneber å gjere ei heilskapleg vurdering av kva slags verknad planane kan ha på samfunnet og befolkninga. Når kommunen gjev føresegner og retningslinjer for planlegging og utbygging, er det også for å sikre at vesentlege omsyn, som samfunnstryggleik, blir varetekte i planane. I tillegg stiller plan- og bygningslova (pbl. § 4-3) krav om å gjennomføre ROS-analyse for planområdet

INVOLVERING I AREALPLANLEGGING



FIGUR 7. Delen kommunar som i ulik grad involverer beredskapskontakt/beredskapskoordinator i utarbeidinga eller kvalitetssikring av ros-analyser til utbyggingsplanar til reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen. (n=talet på respondentar)

for å sjå til at samfunnstryggleik blir følgd opp. ROS-analysane skal vere tverrfaglege, og i kommuneundersøkinga i år har vi derfor spurt om beredskapskontakt/beredskapskoordinator har vore involvert i utarbeidinga eller kvalitetssikringa av ROS-analysar til utbyggingsplanar (etter pbl) (sjå figur 7).

- 34 prosent svarer at beredskapskoordinator i stor grad blir involvert, og 30 prosent svarer at dei blir involverte i nokon grad.
- 35 prosent svarer i liten grad eller ikkje i det heile.

DSB meiner at det førebyggjande arbeidet i kommunane kan styrkjast ved å involvere dei som jobbar med samfunnstryggleik i kommunen inn i planarbeidet i kommunen. Resultata viser at det er mykje å hente her. Kommunane i Sogn og Fjordane, Østfold og Hedmark peikar seg ut som dei fylka der kommunen er best på å involvere dei som jobbar med beredskap. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fortel at dei i dialog med planleggjarar i fylket og dei som jobbar med beredskap, løftar fram kor viktig det er å ha ein tett dialog mellom arealplanlegging og beredskapsplanlegging. Dette har også vore tema på læringsnettverk for planleggjarar saman med fylkeskommunen i Sogn og Fjordane. Som eit heilt konkret døme har dei fokusert på å få med brannsjefar i planarbeidet i kommunen.

3.2 NAUDSTRAUM OG LEGEMIDDELMANGEL

To andre tema som DSB har ønskt å sjå nærare på i undersøkinga i år, er naudstraum og legemiddelmangel. Om kommunane har oversikt over status for reservestraumløysingar i kommunale vassverk og helse- og omsorgsinstitusjonar var også tema i Kommuneundersøkinga 2012. Når det gjeld beredskapen i kommunane ved alvorleg legemiddelmangel, har det ikkje vorte spurt om

tidlegare, men det er ytterlegare aktualisert gjennom DSB sin rapport "Risikoanalyse av legemiddelmangel".⁵

3.2.1 NAUDSTRAUM

Kommunen er ansvarleg for ei rekkje tenester til eiga befolkning. Bortfall av ein kritisk innsatsfaktor som kraft vil raskt kunne få konsekvensar for viktige funksjonar og tenester i kommunen. I 2012 vart kommunane stilt spørsmål om i kva grad dei hadde etablert naudstraum for ei rekkje kommunale verksemdar. Tilsvarende spørsmål vart stilt i undersøkinga i år for å sjå korleis dette har utvikla seg frå 2012. Vi gjev att resultatata under for dei ulike funksjonane.

Kommuneadministrasjonen

Ein føresetnad for effektiv kriseleiing er tilgang til naudstraum ved kriselokala. Ettersom kommuneadministrasjonen vanlegvis blir nytta til dette føremålet, vart det stilt spørsmål om i kva grad det er etablert naudstraum for kommuneadministrasjonen (sjå figur 8).

- 37 prosent av kommunane svarer I 2018-undersøkinga at dei i stor grad har etablert naudstraum, mot 20 prosent i 2012.
- 42 prosent plasserer seg i 2018 i kategorien i liten grad og i nokon grad, mot 36 prosent i 2012.
- 21 prosent av kommunane rapporterer i 2018 at dei har ingen naudstraum for kommuneadministrasjonen. I 2012 var det 40 prosent som svarte dette.

Det er ein større del kommunar som no har naudstraum for kommuneadministrasjonen, men framleis vil 21 prosent av kommunane i 2018 vere sårbare ved eit straumbortfall.


Sjukeheimar

Ved bortfall av straum vil tenestetilbodet på sjukeheimar i stor grad avhenge av tilgang og kapasitet på naudstraum. Kommunane vart stilt spørsmål om i kva grad det er etablert naudstraum ved sjukeheimar (sjå figur 9).

- 76 prosent av kommunane opplyser at dei har naudstraum ved sjukeheimane sine i 2018, mot 57 prosent i 2012.


⁵ DSB (2018). Risikoanalyse av legemiddelmangel.

NAUDSTRAUM KOMMUNEADMINISTRASJON



FIGUR 8. Delen kommunar som i ulik grad har etablert naudstraum for kommuneadministrasjonen i 2012 og 2018. (N=talet på respondentar)

NAUDSTRAUM SJUKEHEIMAR



FIGUR 9. Delen kommunar som i ulik grad har etablert naudstraum for sjukeheimar i 2012 og 2018. (N=talet på respondentar)

- 20 prosent plasserer seg i 32 i kategorien i liten eller i nokon grad, mot 32 prosent i 2012.
- 3 prosent seier dei ikkje har etablert naudstraum, mot 9 prosent i 2012.

Ein monaleg større del av kommunane har naudstraum på sjukeheimane sine i 2018 samanlikna med 2012, og det er positivt. Samtidig seier framleis 1 av 5 kommunar at dei ikkje har naudstraum på alle sjukeheimane sine. Omfanget og alvoret av manglande naudstraum vil avhenge av om kommunane har utarbeidd ein plan for evakuering av pleietrengande til eigna lokale med alternativ energikjelde ved bortfall av elektrisk kraft.

Omsorgsbustader

På same måte som for sjukeheimar har kommunane vorte spurt om i kva grad dei har etablert naudstraum ved omsorgsbustadene sine (sjå figur 10).

- Medan 10 prosent av kommunane i 2012 oppgav at dei hadde naudstraum på alle omsorgsbustadene sine, er det no 20 prosent som svarer det same i 2018.
- 50 prosent svarer i 2018 at dei har etablert naudstraum i liten eller nokon grad, medan det tilsvarande talet var 31 prosent i 2012.

- 24 prosent rapporterer at dei ikkje har naudstraum i 2018, mot 49 prosent i 2012.


Samanlikna med resultatata for sjukeheimar er det langt fleire kommunar som ikkje har etablert naudstraum ved omsorgsbustadene sine, sjølv om det er fleire enn i 2012. Til liks med sjukeheimar vil omfanget og alvoret av manglande naudstraum avhenge av kva tiltak som er planlagde frå kommunen si side.

Vassverk

Naudstraum er i mange kommunar ein føresetnad for å kunne levere drikkevatt dersom straumen fell bort, både med tanke på reinsing og pumping. I kommuneundersøkinga vart kommunane stilt spørsmål om i kva grad dei har etablert naudstraum for reinseanlegg og pumpestasjon ved vassverk (sjå figur 11).

- 52 prosent svarer i 2018 at dei har etablert naudstraum for reinsing, mot 40 prosent i 2012.
- 30 prosent rapporterer at dei i liten eller nokon grad har etablert naudstraum for reinsing mot 29 prosent i 2012.
- 8 prosent har ikkje etablert naudstraum for reinsing i det heile, mot 16 prosent i 2012.

NAUDSTRAUM OMSORGBUSTADER



FIGUR 10. Delen kommunar som i ulik grad har etablert naudstraum for sjukeheimar i 2012 og 2018. (N=talet på respondentar)

Dette viser at utviklinga er positiv, men at det framleis er potensial for forbedring.

På spørsmålet om det er etablert naudstraum ved pumpestasjon, svarer:

- 37 prosent av kommunane at dei i stor grad har etablert naudstraum i 2018, mot 33 prosent i 2012
- 41 prosent av kommunane svarer i liten eller i nokon grad, mot 25 prosent i 2012
- 10 prosent rapporterer at dei ikkje har etablert naudstraum, mot 20 prosent i 2012

Samanlikna med 2012 er det særleg fleire som i nokon grad har etablert naudstraum.

Brann- og redningsteneste

På spørsmål om det er etablert naudstraum i brann- og redningsvesenet, svarer:


- 37 prosent av kommunane at det i stor grad er etablert naudstraum for brann- og redningstenesta
- 24 prosent svarer at det i nokon grad eller i liten grad er etablert naudstraum for brann- og redningsvesenet
- 9 prosent svarer at det ikkje i det heile er etablert naudstraum for brann- og redningsvesenet

- 14 prosent svarer at dette ikkje er relevant, medan 16 prosent av respondentane er usikre på om det er etablert naudstraum i brann- og redningsvesenet

Samanlikna med dei andre kommunale tenestene er det nokre fleire kommunar som svarer ikkje sikker eller ikkje relevant når det gjeld førekomst av naudstraum i brann- og redningsvesen. I undersøkinga frå 2012 er ikkje brann og redning inkludert, men det er derimot med eit liknande spørsmål i kommuneundersøkinga i 2014. Resultatet i den viser også noko høgare uvisse blant kommunane når det gjaldt naudstraumberedskap i brann- og redningsvesenet.

Mange kommunar har inngått interkommunale samarbeidsløysingar om brann- og redningsoppgåver. Etter lova kan til dømes kommunen gjennom avtale overlate oppgåvene til og leiinga av brannvesenet heilt eller delvis til ein annan kommune, verksemd e.l. Slike samarbeidsløysingar kan tenkjast å vere noko av forklaringa på at nokre kommunar er usikre eller meiner spørsmålet om naudstraum i mindre grad er relevant for dei.

NAUDSTRAUM VASSVERK



FIGUR 11. Delen kommunar som i ulik grad har etablert naudstraum for vassverk i 2012 og 2018. (N=talet på respondentar)

3.2.2 ALVORLEG LEGEMIDDELMANGEL

Eit tema som det ikkje har vorte spurt om tidlegare, er kommunane si vurdering av hendingar der det oppstår alvorleg legemiddelmangel i kommunen. Alvorleg legemiddelmangel kan oppstå ved til dømes ulukker på produksjonsanlegg for legemiddel, blokadar eller cyberåtak. I rapporten "Risikoanalyse av legemiddelmangel" vurderer DSB at legemiddelforsyninga er sårbar, og tre vekers mangel på til dømes insulin og antibiotika vil få fatale konsekvensar. I undersøkinga vart det spurt om og eventuelt korleis kommunane har vurdert ei mogleg hending der det oppstår alvorleg legemiddelmangel i kommunen.

- Halvparten av kommunane svarar at alvorleg legemiddelmangel ikkje er vurdert eller at dei ikkje er sikre.
- Av dei resterande svarer 26 prosent at det er vurdert gjennom analysar i helse- og sosialberedskap, 16 prosent gjennom heilskapleg ROS-analyse i kommunen og 17 prosent har vurdert på annan måte.

På ope spørsmål om korleis legemiddelmangel er vurdert, peikar om lag halvparten av svara på eigen beredskapsplan for helsemessig og sosial beredskap eller vurderingar gjort av kommuneoverlegen eller ute i institusjonane. Fleire peikar på samarbeid med lokale sjukehus og apotek. Døme på svar er:

"Avtale med apotek om leveringsplikt. Manglar systematisk ROS for emnet".

Nesten halvparten av kommunane meiner omfattande legemiddelmangel er eit nasjonalt ansvar. Kommunane svarer til dømes at:

"Utfordringa er diskutert både med Helsedirektoratet og Fylkeslegen."

"Somme av desse utfordringane må løysast av sentrale styresmakter."

"Problemstilling diskutert. Utover eventuelt å bytte preparat ser ikkje kommunen kva påverknad vi kan ha på å endre dette. Må handsamast på nasjonalt nivå. Ønskjeleg med dialog om dette spørsmålet etter undersøkinga."

"Ser dette som sentrale styresmakter/apoteka sitt ansvar, men har lager for noko tid for sjukeheimane sitt behov."

"Følgjer tilrådingar frå FHI, Helsedirektoratet eller fylkesmannen."

"Vanskeleg å ha lager pga. kort haldbarheit. Sjukeheimane i kommunen har kontinuerleg lager som dekkjer 14 dagars forbruk fram i tid."

Hovudintrykket frå kommuneundersøkinga er at rundt halvparten har diskutert problemstillinga, omtalt henne i eigne helsefaglege vurderingar og hatt dialog med institusjonar, apotek osv. Den andre halvparten har ikkje jobba med problemstillinga lokalt. Generelt må det seiast at svara tyder på behov for auka kunnskap om kva ein nasjonal legemiddelmangel vil seie, korleis lagerhald og ansvar er organisert i dag og korleis kommunane skal møte ein alvorleg mangelsituasjon. Eit fellestrekk verkar å vere at kommunane er avhengige av nasjonal handtering ved alvorlegare manglar.

KAPITTEL

04

Fylkesbarometer



FYLKESBAROMETER

Over fleire år har kommuneundersøkinga vist ei positiv utvikling når det gjeld talet på kommunar som oppfyller krava i kommunal beredskapsplikt. Resultata i år viser at denne utviklinga held fram. Dette samsvarer også med funn i fylkesmennene sitt tilsyn med kommunane. Kommunane jobbar stadig betre med både enkeltelement i samfunnstryggleiksarbeidet og med det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiksarbeidet.


Som tidlegare år presenterer vi eit samla bilete av status for varetaking av kommunal beredskapsplikt i fylka i landet. Fylkesbarometeret baserer seg på spørsmåla i undersøkinga som følgjer utvalde krav for heilskapleg ROS, overordna beredskapsplan og plan for oppfølging (sjå figur 12). Tala som er oppgjevne i barometeret, er gjennomsnittet av desse. Fylkesbarometeret tidlegare år har også inkludert øvd beredskapsplan, noko som ikkje er inkludert i fjorårets og årets barometer. For å kunne samanlikne resultata har vi derfor teke ut dette frå 2015- og 2016-tala.

Samanliknar vi gjennomsnittsskåren for embeta med tilsvarande skår i føregåande år, ser vi ei jamn positiv utvikling i nær alle fylke. Landsgjennomsnittet viser sju prosentpoeng høgare del kommunar som tilfredsstillar utvalde krav no enn tidlegare år. DSB sitt inntrykk gjennom årsrapporteringa

frå embeta er også at det blir arbeidd systematisk og målretta frå fylkesmennene si side for å gjere nasjonal samfunnstryggleikspolitik kjend i fylket. Embeta si prioritering av oppfølging av korleis kommunane etterlever beredskapsplikta er synleg i stadig betre resultat i kommuneundersøkinga. På spørsmål om kor nyttig kommunane meiner rettleiinga frå fylkesmannen innanfor samfunnstryggleik er, svarer 82 prosent at rettleiinga er veldig nyttig og at det styrkjer arbeidet deira.

Det er størst del kommunar i Agder, Oppland og Telemark som oppfyller dei utvalde krava til kommunal beredskapsplikt. Også kommunane i Hedmark, Sogn og Fjordane, og Vestfold er høgt oppe på lista. Nordland hadde ei vesentleg betring frå 2016 til 2017, men går litt tilbake i snittpoeng i år. Oslo og Akershus, og Troms har begge hatt ganske låg gjennomsnittsskår ved tidlegare undersøkingar, men har ein stor auke i undersøkinga i år. Forbetringa i desse fylka kan kome av at fleire av kommunane no har ein oppdatert eller revidert heilskapleg ROS på plass. I tillegg har det også vore ein auke i kommunar med oppdatert, overordna beredskapsplan. Den totale forbetringa kjem mest sannsynleg av at det er ein markant auke i talet på kommunar som har ein plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. For Troms sin del er denne auken frå 47 til 86 prosent.

FYLKESBAROMETER 2015–2018



FIGUR 12. Gjennomsnittsskår av til saman heilskapleg ros kontrollert for utvalde krav, overordna beredskapsplan med krav og plan for oppfølging, frå 2015–2018.

VEDLEGG 1: SPØRJESKJEMA 2018

Takk for at du vil delta i undersøkinga.

Du kjem i gang ved å trykke Neste nede i høgre hjørne. Du kan flytte deg fram og tilbake i spørjeskjemaet utan at svara forsvinn. Dersom du blir avbroten i løpet av svaret, kan du halde fram seinare ved å gå inn på den same lenkja i e-posten.

Undersøkinga skal svarast på elektronisk. Dersom du ønskjer å skrive ut spørjeskjema på førehand, kan du trykkje på skrivarikonet nedanfor. Du vil også få høve til å skrive ut svaret når du har gjennomført undersøkinga.

Temaet er i hovudsak kommunen si oppfølging av krav til kommunal beredskapsplikt. Har du avgrensa kjennskap til eitt eller fleire av spørsmåla, så ta med skjemaet til ein kollega. Du kan også lese meir forklarande tekst til dei ulike paragrafane til forskrift om kommunal beredskapsplikt i denne rettleiaren.

Hovudtema - status for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Har kommunen gjennomført heilskapleg ROS? I så fall, når vart han sist gjennomført?

- (1) 2018
- (2) 2017
- (3) 2016
- (4) 2015
- (5) 2014
- (6) 2013 eller tidlegare
- (7) Ikkje gjennomført
- (8) Har gjennomført, men usikker på kva år
- (9) Ikkje sikker

Er følgende forhold vurdert i kommunen sin heilskaplege ROS?

	Ja	Delvis	Nei	Ikkje sikker
Vurdere risiko og sårbarheit utanfor kommunen sitt geografiske område som kan ha noko å seie for kommunen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Særleg utfordringar knytte til kritiske samfunnsfunksjonar*	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Framtidig risiko og sårbarheit	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

*dei funksjonane som er nødvendige for å vareta dei grunnleggjande behova til befolkinga og samfunnet.

Har kommunen i sin heilskaplege ROS vurdert evna si til å halde oppe følgjande funksjonar ved uønskte hendingar?

	Ja	Delvis	Nei	Ikkje sikker
Kriseleiling	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Helse- og omsorgstenester	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Brann- og redningstenester	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>
Vatn og avløp	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>

VEDLEGG

Mål og plan for oppfølging

Det er eit krav at samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen skal vere heilskapleg og systematisk. At det blir utarbeidd mål, strategiar og prioriteringar, og at kunnskap og erfaring frå heilskapleg ROS blir vareteke i det vidare arbeidet i kommunen. Til dømes i plan- og styringssystem.

Har kommunen utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap?

- (1) Ja
- (2) Nei
- (3) Ikkje sikker

Har kommunen utarbeidd plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet?

- (1) Ja
- (2) Nei
- (3) Ikkje sikker

Overordna beredskapsplan

Overordna beredskapsplanen skal samordne og integrere andre beredskapsplanar som den enkelte kommune har ansvar for. I tillegg skal han vere samordna med andre aktørar. Overordna beredskapsplan skal vere oppdatert og som eit minimum reviderast ein gong om året.

Har kommunen utarbeidd ein overordna beredskapsplan?

- (1) Ja
- (2) Nei
- (3) Ikkje sikker

Når vart gjeldande overordna beredskapsplan sist revidert? Dersom planen ikkje er revidert - kryss av for når planen er utarbeidd.

- (1) 2018
- (2) 2017
- (3) 2016 eller tidlegare
- (4) Ikkje sikker

Er kommunen sin overordna beredskapsplan utarbeidd med utgangspunkt i heilskapleg ROS?

- (1) Ja
 (2) Delvis
 (3) Nei
 (4) Ikkje sikker

Inneheld overordna beredskapsplan følgjande?

	Ja	Nei	Ikkje sikker
Plan for kriseleiinga i kommunen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Varslingsliste for aktørar i kommunen si krisehandtering	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Oversikt over interne og eksterne ressursar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Evakueringsplan	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>
Plan for krisekommunikasjon	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>

Kva for nokre av følgjande kanalar vil kommunen nytte for å kommunisere med befolkninga under uønskte hendingar? Fleire svar mogleg.

- (1) Kommunen si heimeside
 (2) Facebook
 (3) Twitter
 (4) Media (radio, TV, aviser, nettaviser)
 (5) E-post
 (6) SMS - adressebasert
 (7) MS - lokasjonsbasert
 (8) Ingen av desse
 (9) Ikkje sikker

VEDLEGG

Øvingar

Har kommunen øvd eigen beredskapsorganisasjon i samsvar med krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt? I så fall, kva for eit år vart det sist øvd?

- (1) 2017
- (2) 2016
- (3) 2015 eller tidlegare
- (4) Har øvd, men ikkje sikker på kva år
- (5) Har ikkje øvd
- (6) Ikkje sikker

Forankring

Ved å leggje til rette for kommunestyrebehandling av heilskapleg ROS, plan for oppfølging og overordna beredskapsplan, blir det også lagt til rette for at leiinga i kommunen tek stilling til viktige samfunnstryggleiksspørsmål. Korleis kommunen forankrar arbeidet med samfunnstryggleik er opp til kommunen sjølv, til dømes når, korleis og kor ofte kommunestyret blir involvert.

Er heilskapleg ROS forankra i kommunestyret?

- (1) Ja
- (2) Nei
- (3) Ikkje sikker

Er plan for oppfølging forankra i kommunestyret?

- (1) Ja
- (2) Nei
- (3) Ikkje sikker

Er overordna beredskapsplan forankra i kommunestyret?

- (1) Ja
- (2) Nei
- (3) Ikkje sikker

Samarbeid og samordning

Kva for nokre aktørar har kommunen samarbeidet med innan følgjande tema:

	Andre kommunar	Andre offentlege aktørar			Frivillige organisasjonar				
		Private aktørar	Sivilforsvaret	Forsvaret	Industri vernet	Ingen av desse	Ikkje sikker		
heilskapleg ROS	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(9) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>
Beredskapsplanlegging	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(9) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>
Øvingar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(9) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>
Krisehandtering	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>	(9) <input type="checkbox"/>	(7) <input type="checkbox"/>	(8) <input type="checkbox"/>

Kompetanse og opplæring

Kor nyttig meiner du følgjande er for å styrkje arbeidet med samfunnstryggleik i kommunen din?

	1 Ikkje nyttig i det heile				5 Svært nyttig	
	2	3	4	Ikkje sikker / har ikkje grunnlag for å vurdere		
Veileder til helhetlig ROS i kommunen (DSB, 2014)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt (DSB, 2012)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Rettleiar: Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging (DSB, 2017)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter (DSB, 2017)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>

VEDLEGG

	1 Ikkje nyttig i det heile	2	3	4	5 Svært nyttig	Ikkje sikker / ikkje grunnlag for å vurdere
Temarettleiari: Havnivåstigning og stormflo (DSB, 2016)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Klimahjelpere (DSB, 2015)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Øvingsrettleiaren til DSB (DSB, 2016)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Rettleiar krisekommunikasjon (DSB, 2016)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Krisescenarior (tidl. Nasjonal risikobilde) med delrapporter	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Fylkesmannen si rettleiing innanfor samfunnstryggleik	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>

Kva behov er det for kompetanseheving på følgjande område i kommunen din?

	1 Ikkje behov	2	3	4	5 Stort behov	Ikkje sikker / ikkje grunnlag for å vurdere
Gjennomføring av heilskapleg ROS	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
ROS-analysar i samsvar med plan- og bygningslova	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Beredskapsplanlegging	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Krisehandtering	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Krisekommunikasjon	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Planlegging og gjennomføring av øvingar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Evaluering av øvingar og hendingar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>

Særtema 2018

Naturhendingar og samfunnstryggleik i arealplanlegging

Gjennom arbeidet med heilskapleg ROS, i kva grad har kommunen skaffa seg oversikt over busetnad som kan vere utsett for naturhendingar (flaum, skred, stormflod, storm, overvatn osv.)?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad
- (4) I stor grad
- (5) Ikkje sikker

I kva grad har kommunen sett i verk førebyggjande tiltak for å redusere risiko og sårbarheit i busetnad som kan vere utsett for naturhendingar (flaum, skred, stormflod, storm, overvatn osv.)?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad
- (4) I stor grad
- (5) Ikkje sikker

Gjennom arbeidet med heilskapleg ROS, i kva grad har kommunen skaffa seg oversikt over kritiske samfunnsfunksjonar som kan vere utsette for naturhendingar (flaum, skred, stormflod, storm, overvatn osv.)?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad
- (4) I stor grad
- (5) Ikkje sikker

*funksjonar som er nødvendige for å vareta dei grunnleggjande behova befolkninga og samfunnet har.

I kva grad har kommunen sett i verk tiltak for å redusere risiko og sårbarheit i kritiske samfunnsfunksjonar*?

som kan vere utsette for naturhendingar (flaum, skred, stormflod, storm, overvatn osv.)?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad
- (4) I stor grad
- (5) Ikkje sikker

*funksjonar som er nødvendige for å vareta dei grunnleggjande behova befolkninga og samfunnet har.

I tillegg til at kommunane har ansvar for å følgje opp krav til kommunal beredskapsplikt, er kommunane også lokal planetat med ansvar for at det blir teke omsyn til samfunnstryggleik i planlegging etter plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova stiller krav om ROS-analysar ved arealplanlegging. ROS-analysane er meinte å gje eit kunnskapsgrunnlag for å vareta samfunnstryggleik ved utbyggingar.

I kva grad involverer ein beredskapskontakt/beredskapskoordinator i utarbeidinga eller

kvalitetssikring av ROS-analysar til utbyggingsplanar til arealdelen i kommuneplanen?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad
- (4) I stor grad
- (5) Ikkje sikker

I kva grad involverer ein kommunen sin beredskapskontakt/beredskapskoordinator i utarbeidinga eller kvalitetssikring av ROS-analysar til reguleringsplanen?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad
- (4) I stor grad
- (5) Ikkje sikker

I kva grad blir risiko og sårbarheit for alvorlege naturhendingar teke omsyn til i kommunal planlegging?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad (4)
I stor grad
- (5) Ikkje sikker

I så fall, korleis? Kort skildring av kva - stiller krav, gjev råd, lagar lokale farekart osv.

I kva grad blir auka risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar teke omsyn til i kommunal planlegging?

- (1) Ikkje i det heile
- (2) I liten grad
- (3) I nokon grad
- (4) I stor grad
- (5) Ikkje sikker

Naudstraum og legemiddelmangel

I kva grad er det etablert naudstraum* for følgjande kommunale verksemder?

	Ikkje i det heile (ingen)	I liten grad	I nokon grad	I stor grad / alle	Ikkje relevant	Ikkje sikker
Kommuneadministrasjonen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Sjukeheimar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Omsorgsbustader	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Vassverk - reinseanlegg	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Vassverk - pumpestasjonar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Brann- og redningsteneste	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
110-sentral	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>

*straumforsyning berekna på å halde oppe drift av utstyr og installasjonar der avbrot kan medføre fare.

Har kommunen rutinar for vedlikehald* av løysingar for naudstraum for følgjande kommunale verksemdar?

	Ja	Nei	Ikkje sikker	Ikkje relevant
Kommuneadministrasjonen	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Sjukeheimar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Omsorgsbustader	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Vassverk - reinseanlegg	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Vassverk - pumpestasjonar	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
Brann- og redningsteneste	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>
110-sentral	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(6) <input type="checkbox"/>

*rutinar som sikrar at utstyret fungerer, som til dømes periodisk testing og årleg verifikasjon, og sikker tilgang på diesel og kvalifisert driftspersonell.

Er ei mogleg hending der det oppstår alvorleg legemiddelmangel* i kommunen vurdert? Fleire svar mogleg.

- (1) Ja, gjennom heilskapleg ROS-analyse
- (2) Ja, gjennom ROS-analysar i helse- og sosialberedskap
- (3) Ja, på annan måte. Ver venleg å skildre:
- (4) Nei
- (5) Ikkje sikker

*Alvorleg legemiddelmangel kan oppstå ved til dømes ulukker på produksjonsanlegg for legemiddel, blokadar eller cyberåtak. I ein analyse i Krisescenarioer 2017 vurderer DSB at legemiddelforsyninga er sårbar, og tre vekers mangel på til dømes insulin og antibiotika vil få fatale konsekvensar.

Har du kommentarar til kommuneundersøkinga i år, kan du skrive inn her:

Takk for tilbakemeldinga di. Svare dine er no registrerte, og svaret ditt er fullført når du klikkar Avslutt.

Du blir sendt vidare til DSB si heimeside etter å ha klikka Avslutt. Du kan skrive ut svaret ditt ved å klikke på skrivarikonet nedanfor.

Med venleg helsing
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap



DSB
Rambergveien 9
Postboks 2014
3103 Tønsberg

+47 33 41 25 00

postmottak@dsb.no
www.dsb.no



/DSBNorge



@dsb_no



dsb_norge



dsbnorge

ISBN 978-82-7768-470-3 (PDF)
HR 2399
September 2018